



Henrik og Stian Sebastian satsar sterkt på svømming. (Foto: Anita Ænes).

Henrik Dahle (12) og Stian Sebastian Ænæs Fjeldsbø (11) er to uskedelinger med pågangsmot og treningsiver.. Frå 3. til 8. august skal dei på treningsleir i svømming i Hobro i Danmark og vil finansiera delar av leiropphaldet med vaffel- og loddsal. Det opplyser mora til Stian Sebastian, Anita Ænæs, til uskedalen.no

Gutane starta med svømmetrening ein gong i veka på Husnes i fjor haust og fekk snart beskjed om at dei kunne starta trening med A-laget to gonger i veka. Frå januar har dei vore fast med på A-laget og reist til Husnes for å treni i halvannen til to timer tre kvelder i veka.

I august er dei to av ni svømmere som drar til svømmeleiren i Hobro og dei gler seg hemningslaust. Men dei veit samstundes at det ikkje blir noko kjære mor – dei skal ha to økter med trening to timer kvar dag sjølv om de har tenkt å "skulka" den eine ettermiddagsøkta og reise til ein eller annan fornøylespark den eine dagen.

- Men så var det vaffel- og loddsalet?

- Jau, dei har skaffa mange fine gevinstar frå ulike firma, til dømes eit reisegåvekort på 2.000 kroner, eit bilete, bøker og sjømat. Svømmarane på Husnes hadde vaffel- og loddsal på Husnes i førre veka og det gikk unna.

Eigentleg hadde Henrik og Stian Sebastian planar om det same utanfor SPAR denne laurdagen, men det blir svømmestemne i Bergen i staden.

Men gutane dukkar nok opp med loddboka ein dag før dei får i gang vaffeljernet, seier Anita.

.Og trekninga er i båthamna på Husnes 23. juni.

Av Ola Matti Mathisen